



Aquapartner  
Østerskogen 56  
4879 GRIMSTAD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/411 - 14/17697

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
18.11.2014

## Godkjenning - utsleppsløyve Orrhøyen, gbnr. 9/2.

**Administrativt vedtak. Saknr: 329/2014**

### Saksutgreiing:

Det er i dokument, dagsett 22.01.2014, motteke 24.01.2014, søkt om utsleppsløyve for kommunalt avlaupsvatn i samband med avlaupsleidning på Orrhøyen, Hjertås i Meland kommune. Noværande utslepp frå Orrhøyen er i dag privat og vert ført til Herdlefjorden utan reinsing.

Dokumenta syner no at utsleppet skal reinsast i slamavskiljar med 3 kammer og med samla volum på 40 m<sup>3</sup>. Det skal etablerast ein ny 160 mm avlaupsleidning, på omlag 170 meter fram til slamavskiljaren. Etter slamavskiljaren vert det lagt ein ny DN 110 PE-leidning som skal koplast saman med eksisterande DN 110 PE-leidning som går til - 30 meters djupn under LLV i Herdlefjorden. Reinsesystemet er dimensjonert for 50 bustader, 250 pe.

Det ligg føre avtale frå eigar av gbnr 9/2 om rett til å plassera slamavskiljar og leggja og vedlikehalda leidningar.

Meland kommune skal vera ansvarleg for utsleppet.

Utsleppet vart nabovarsla 08.01.2014. Det kom to merknader frå bebuarar i Orrhøyflaten 8 og 10. Merknad frå Orrhøyflaten 10 vart teken til følgje. Heimelhavarane vart informert om dette i brev frå konsulentfirma Aquapartner, dagsett 05.02.2014.

Slamavskiljaren vart flytta og det vart utarbeidd nye teikningar. Nytt nabovarsel vart sendt 24.06.2014.

Meland kommune har i skriv, motteke 14.11.14, fått opplyst at det ikkje er motteke merknader i samband med ny nabovarsling.

### **Vurdering:**

Utsleppsløysinga det er søkt om, er i samsvar med gjeldande krav i området. Meland kommune kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt på vanlege vilkår for slike utslepp, og i medhald av «Forskriftom begrensing av forurensing» sin § 13-5, som gjeld utslepp av kommunalt avlaupsvatn frå mindre tett busetnad.

Anlegget skal etablerast og drivast i samsvar med krava i forureiningsforskrifta § 13-6 til §13-16.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan og bygningslova.

Ettersom søknaden ikkje endrar på trace på avlaupsleidningen i sjø, er det ikkje naudsynt med ny godkjenning frå Bergen og Omland Havnevesen.

### **Vedtak:**

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om berensing av forurensing» sin § 13-5 utsleppsløyve for kommunalt avlaupsvatn i samsvar med søknad dagsett 02.01.2014, kart dagsett 24.06.2014 og supplerande dokumentasjon motteke 14.11.2014 og på følgjande vilkår.

1. Avlaupet skal gå via slamavskiljar som omsøkt, med volum 40m<sup>3</sup> og med 3 kammer.
2. Frå slamavskiljaren skal avlaupsvatnet førast i eksisterande tett leidning til sjø.
5. Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Arbeidet må ikkje setjast i gong før slik godkjenning ligg føre.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

VA\_Orrhøyen\_byggesakstegning - H1

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland,  
Miljøvernavdelinga  
Meland kommune

her

**Mottakere:**

Aquapartner

Østerskogen 56 4879

GRIMSTAD